

Demokratisk dannelse -innsamling av konkrete opplegg

Innsamling av opplegg knyttet til skolens arbeid med demokratisk dannelse. Oppleggene vil bli delt med andre skoler i et hefte med tittel: *Ytringsfrihet og deltakelse*. Vi har ambisjoner om at heftet blir ferdig og sendt ut til forarbeidsuka 2023. Vi håper dette kan gi skolen noen gode ideer til arbeidet med demokratisk dannelse i forbindelse med valget høsten 2023 og videre gjennom skoleåret.

1. Beskrivende tittel på opplegget *

Kommuneval og demokrati

2. Læringsmål (individuelle og sosiale) *

Leire meir om kommunevalet. Auke deltaking ved valet. Stimulere til refleksjon, engasjement og samtale om politiske spørsmål på skolen.

3. Målgruppe *

- Hele skolen
- Linje/klasse
- Valgfag
- Internatavdeling
- Annet

4. Hvor mye tid tar opplegget (på timeplanen)? *

Fire timar

5. Utstysbehov *

Gymsal eller anna eigna rom med plass til elever og panel med politikarar. Førebu gruppeinndeling med lapper etc.

6. Forberedelser før gjennomføring *

Før sommarferien

- Kontakte politiske parti lokalt og invitere til paneldebatt på skulen
- Sikre ressursar i årsplan og arbeidsplan for komande skuleår

Forarbeidsveke

- Sikre at det er med på årsplanen og at ressursar er på plass
- Planlegging i samarbeid med resten av personalet
- Involvere andre tilsette, t.d. kjøkkenet
- Halde varm kontakten med lokale parti, sikre deltaking

Veka før

- Førebu alt praktisk, lokalet, kjøkkenet mat,
- Førebu elevane på kva som skal skje
- Gjere klar nummerlappar til elevar og bord til gruppefordeling

7. Gjennomføring *

(På selve dagen)

Første bolk: (ca 1 time):

- Alle møter til fastsett tid, opprop. Ta imot repr. frå lokalavisa.
- Alle får ein lapp med eit nummer i døra, som svarer til eitt bord ein skal sitte ved. 6 – 10 elevar pr. bord.
- Innleiing om seminaret og metoden: I – G – P (individuellt, gruppe, plenum)
- Problemstilling til elevane: «Kva politiske saker er viktig for deg?»
- Individuellt arbeid, ca. 5 minutt. Noter dine tankar, idear og refleksjonar på ein lapp eller på telefonen.
- Gruppe arbeid: Legg fram dine idear for gruppa. Ca. 10 – 15 minutt. Alle presenterer sine tankar om kva som engasjerer.
- I plenum: Alle grupper presenterer 2 – 4 punkt i plenum.
 - Oppsummere essensen av innspel frå gruppene til ca. 10 viktige saker. Dette blir skrive inn på kullet si facebookgruppe.

Pause ca. 10. min.

Andre bolk (ca 1 time):

- Kvart bord/gruppe får utdelt «sitt eige» politiske parti. Gruppene blir spreidde på skulen til ulike rom, og
- skal finne ut kva dei ulike partia står for, og kva standpunkt dei vil ta i dei sakene som er lagt ut på facebookgruppa. Problemstilling: Kva meiner «vårt parti» om desse sakene. Informasjon finnast på web.
- Alle gruppene skal velje ein partileiar og ein partisekretær. Leiaren er talsmann og sekretæren noterer.
- Gruppa skal førebu spørsmål til politikarane som møter dei etter neste pause.
- Lærarar sirkulerer på gruppene og gir veiledning.

Pause med kanelbollar/ev. lunsj etc. ca. 30 min.

Tredje bolk: Paneldebatt med lokale politikarar (Ca. 1 – 1,5 time)

- Ordstyrar som organiserer og leier debatten.
- Politikarane får først ca. 5 min til å presentere sine kjernesaker
- Spørsmål frå alle gruppene – debatt.

Etterarbeid

- Oppsummering med elevar; oppleving, læring, forbettringspotensiale.
- Takk til lokal politikarar som var med, - sende mail.

8. Erfaringer og tips

Elevene kan trenge litt tid før de går i gang. De bør ha vært på skolen en periode slik at de er trygge på hverandre. Viktig å ta opp hvilket debattklima dere ønsker og at målet er at flest mulig opplever at de har representasjon.

Kontakte politikarar i god tid, og halde saka varm.

Ta kontakt med lokalpresse. Det er lærerikt og gøy!

9. Annen vesentlig informasjon

Skriv ned dine erfaringer - spre det til andre!